

# Livssyn og filosofi

Introkurs

Integrering og Vaksenopplæring, Voss Kommune

# Dagens tema

- Livssynsfridom
- livssyn i media
- verdsreligionane
- ateisme/humanisme
- livssynas rolle i Norge
- livssyn i offentleg og privat sfære
- livssyn og arbeidsliv
- Filosofi

# Livssynsfridom – kva er det?

Integrering og Vaksenopplæring, Voss Kommune

- **Religionsfridom** eller **livssynsfridom** er eit vern i form av lovverk for at einskilde menneske og grupper skal kunna tru det dei vil og tilbe kven eller kva dei vil, eller lata vere å vedkjenne seg noka tru. Dette vert sett på som ein grunnleggjande menneskerett, og er mellom anna ein del av menneskerettsfråsegna til FN.
- Religionsfridom er gjeve strafferettsleg vern i straffelova av 1902, som set straff for den som i ord eller handling offentleg forhånar eller på ein krenkjande eller sårande måte syner ringeakt for ei truvedkjenning dersom utøvinga av henne er tillate her i riket, eller gudsdyrkinga eller truslærdommane til eit lovleg religionssamfunn § 135 a vernar mot diskriminerande offentleg omtale på grunn av truvedkjenning eller rase.

# Livssynsfridom – Kva tyder det for deg?

Diskuter med sidemannen:

Integrering og Vaksenopplæring, Voss Kommune

Er det livssynsfridom å få utøva religionen sin der du er til einkvar tid?

Kva meiner du livssynsfridom betyr?

https://www.youtube.com/watch?v=zeFqv3ywXpg

# Religion og menneskerettar

- FN's Verdsfråsegn om menneskerettar:
- **Artikkel 18**

«Alle har rett til tankefridom, samvitsfridom og religionfridom. Denne retten gjeld fridom til å endre religion eller tru, og fridom til å målbere sin eigen

Integrering og Vaksenopplæring Voss Kommune

religion eller si eiga truslære i gjerning og framferd, anten åleine eller saman med andre, offentleg eller privat.»

- **Artikkel 26.**

«Alle har rett til undervisning. Opplæringa skal vere kostnadsfri, i det minste i den allmenne grunnskulen. Den elementære undervisninga skal vere pliktig for alle. Alle skal ha høve til å få fagopplæring, og det skal vere like vilkår for alle til å få høgre utdaning, alt etter dei evnene dei har.»

# Religion i media

- Livssyn vert mykje diskutert i media.
- Politikarars personlege tru er ofte eit tema i avisar og tv. http://www.tv2.no/a/7165302/
- Minoritetsreligionar har eit større og meir negativt fokus i media enn majoritetsreligionen.

Integrering og Vaksenopplæring, Voss kommune

- Då det vart kjent at terroristen Anders Behring Breivik var kristen, var det lite fokus på religionen hans då media forsøkte å forklara terroren.
- Dømer: http://www.nettavisen.no/nyheter/innenriks/tiltale-mot-krekar--hadde-terrorceller-i-norge-og-europa/3423306856.html
- http://www.abcnyheter.no/nyheter/2017/02/01/195274467/pst-ekstremeislamister-er-fortsatt-den-storste-terrortrusselen-mot-norge
- http://www.dagbladet.no/nyheter/vi-tror-det-er-langt-flere-muslimer-enndet-egentlig-er-i-norge---og-resten-av-verden/66547941

# Verdsreligionane

- Dei 8 største «religionane»:
- 1. Kristendom – 2,2 milliardar mennesker
- 2. Islam – 1,6 milliardar mennesker

Integrering og Vaksenopplæring Voss Kommune

- 3. Ikkje-religiøse – 1,1 milliardar mennesker
- 4. Hinduismen – 1 milliard mennesker
- 5. Buddhismen – 488 millionar mennesker
- 6. Folkereligiøsitet – 405 millionar mennesker
- 7. Sikhismen – 25 millionar mennesker
- 8. Jødedommen – 14 millionar mennesker
- http://www.vl.no/tro24/verdens-10-storste-religioner-1.358575

# Dei største livssyna (tal frå adherents.com 2012)

| | | |
|---|---|---|
| Christianity | 2.4 billion[3] | 33.51% |
| Islam | 1.6 billion[4] | 22.32% |
| Secular[a]/Nonreligious[b]/ Agnostic/Atheist | ≤1.1 billion | 15.35% |

Integreringsopplæring, Voss Kommune

| | | |
|---|---|---|
| Hinduism | 1.15 billion | 16.06% |
| Chinese traditional religion[c] | 394 million | 5.50% |
| Buddhism | 376 million | 5.25% |
| Ethnic religions | 300 million | 4.19% |
| African traditional religions | 100 million | 1.40% |
| Sikhism | 30 million | 0.32% |
| Spiritism | 15 million | 0.21% |
| Judaism | 14 million | 0.20% |

Integrering og Va

# Kristendom

- **Kristendom** er ein verdsreligion som utgår frå jødedommen, og inneber trua på Jesus som Kristus (Messias), frelsar for jødane og verda, og på dei læresetningane som blei nedteikna i Det nye testamentet, den andre delen av Bibelen. Den vanlegaste inndelinga av kristendommen er, rangert etter antall tilhengarar:
- Den katolske kirke
- Protestantismen
- Ortodoks kristendom

Integrering og Vaksenopplæring, Voss Kommune

- Det er også andre, mindre grupper, for eksempel Jehovas vitner og Siste Dagers Hellige, der det er omdiskutert om de skal regnes inn under kristendommen.

# Islam

- **Islam** er ein av verdsreligionane. Han har utspring i Arabia, og har mykje av læra si til felles med jødedommen og kristendommen. Den heilage boka til islam er koranen. Etter islams tru inneheld koranen openberingane til Allah, som skal ha vorte gjevne muntleg til profeten Muhammed. Islam er den mest praktiserte religionen i Søraust-Asia, Nord-Afrika, Vest-Asia og Sentral-Asia, medan land med muslimsk majoritet finnast i deler av Sør-Asia, subsaharisk Afrika og Søraust-Europa. Dei to største undergruppane er sunni og sjia. Det er fleire islamske republikkar, inkludert Iran, Pakistan, Mauritania og Afghanistan.

Integrering og vaksenopplæring, Voss Kommune

# Ikkje-religiøse

Flest ikkje-religiøse finn me i Sverige, Norge, Danmark, Finland og Japan. I spørjeundersøkingar i Sverige og Norge svarar 85% og 60 % at de ikkje er religiøse.

**FAKTA FOR NORGE: Trur du på Gud?**

- Fleire kvinner (41 prosent) enn menn (32 prosent) trur på Gud
- Gudstrua er lågast i Oslo (29 prosent) og høgast på Vestlandet (44 prosent). I Oslo er 20 prosent av befolkninga medlemer i eit trus- eller livssynssamfunn, og dei fleste av dei tilhøyrer islam. Nest største gruppe er med i kristne trussamfunn.
- I resten av austlandet: 35 prosent
- Møre og Romsdal og Trøndelag: 36 prosent
- Nord-Norge: 34 prosent

Integrering og Vaksenopplæring, Voss Kommune

- I aldersgruppen 15-24 trur berre 25 prosent på Gud. Blant de som er 60 år eller eldre, trur 48 prosent på Gud

Kilder: Norsk Monitor 2015-2016, Ipsos og Statistisk Sentralbyrå.

# Human-Etisk Forbund

- Om humanisme: https://human.no/om-humanisme/
- https://www.youtube.com/watch?v=my1icOtsB-4

Integrering og Vaksenopplæring, Voss Kommune

Human-Etisk Forbund

# Ateisme

- Ateisme er ingen filosofi, det er derimot eit samleomgrep for personar som ikkje trur på ein personleg Gud.
  Nokre religionar som jainismen og buddhismen krev heller inga tru på ein personleg gud.

Integrering og Vaksenop
Kommune

- Ateismen har med utbreiinga av fritenking, vitskapleg skeptikk og religionskritikk fått ei meir spesifikk tyding og det blir stadig fleire som kallar seg for ateist.

# Filosofi –kva er det?

- **Filosofi** (*kjærleik til visdom*, frå gresk) er det kritiske studiet av dei mest fundamentale spørsmåla menneskeslekta har vore i stand til å stille, til dømes innan tru, eksistens, etikk og moral.
- Man kan dele filosofi inn i 2 hovudgrupper;
- 1. Praktisk filosofi
- 2. teoretisk filosofi

Integrering og Vakseopplæring, Voss Kommune

# Praktisk filosofi og teoretisk filosofi

- Praktisk filosofi eller anvendt filosofi, er ein betegning som brukes om om dei filosofiske disiplinar som dreier seg om menneskets handlingsliv: etikk, rettsfilosofi, estetikk, religionsfilosofi og politisk filosofi.
- Ein kan derfor sei at praktisk filosofi handler om det ein kan gjera, eller korleis mennesket bør handle.
- Teoretisk filosofi handler meir om kva som er sant, eller kva som er faktisk.
- Den mest kjente «moderne» filosofen er Immanuel Kant. Han stillte ofte desse spørsmåla:

Kva kan eg vite?, Kva skal eg gjere? Kva kan eg håpe på? Og kva er mennesket?

Integrering og Vaksenopplæring Voss Kommune

# Filosofi og religion

- Der religionen har reglar for korleis menneska skal leva liva sine, stiller filosofien ofte spørsmål om kva som er fornuftig å gjera.
- Der religionen har ein Gud som fortel folk kva som er rett og galt, vil ofte ein filosof spørje kvifor ting er rett eller galt.

# Religionens rolle i Norge kva trur du?

- Diskuter med sidemannen:
- Må arbeidsgjevar legge til rette for bønn i arbeidstida?
- Kan du få fri frå jobben for å reise på pilgrimsreise?

Integrering og Vaksenopplæring Voss Kommune

- Er det greitt å ikkje handhelsa på kvinnelege eller mannlege kollegaer?
- Trur du religion er viktig for folk flest i Norge?

- http://www.ldo.no/en/forebygg/i-arbeidslivet/Religion-pa-jobb/

# Religionens rolle i Norge Introduksjonsprogrammet

- Norge er eit sekulært samfunn, det betyr at me ser på religion som ein privat sak. Kommune eller stat legg difor ikkje spesielt til rette for religionsutøving. Det staten derimot har gjort er å lage eit lovverk som forbyr diskriminering på bakgrunn av religion.

- **Dette er ikkje lov:**
- Det er ikkje lov å be i skuletida? – Man blir da trukket i introduksjonsstønad.

Integrering og Vaksenopplæring, Voss Kommune

- **Dette har du rett på:**
- Inntil 2 dager fri frå introduksjonsprogrammet i høve religiøse høgtidsdagar.
- At ingen diskriminerar deg for din tru.

Integrering og Vaksenopplæring, Voss Kommune